



Balestrand kommune

Ordføreren

Arbeidsdepartementet
Postboks 8018 Dep.
0030 Oslo

<i>Saksnr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Saksh. / Telefon</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Dato</i>
12/570	100	Harald Offerdal 57651205		10.07.2012

Høyring NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak

Arbeidsdepartementet har oversendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høyring med frist til 13.juli 2012 for å gi uttale til utgreinga.

Balestrand kommune er glad for at Brofoss-utvalet ønskjer å styrke arbeidsmoglegheitene for personar med redusert arbeidsevne. Vi er også tilfreds med at utvalet understrekar behovet for å auke innsatsen for denne målgruppa. Dette er naudsynt om ein skal lykkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Vi registrerer samtidig at utvalet er delt i si tilråding av den framtidige innrettinga av arbeidsretta tiltak og har lagt fram forslag til tre ulike modellar. Det bør difor utarbeidast ei stortingsmelding der Regjeringa klargjer sine preferansar.

Balestrand kommune støttar likevel modellen som har størst tilslutning i utvalet - heretter kalla modell 1.

Høyringsuttale

Balestrand kommune er eigar av arbeidsmarknadsverksemda Balestrand Industrier AS. Som eigar av verksemda har kommunen i løpet av 21 år bygd opp eit godt tilbod og apparat for NOU'en sine målgrupper. Det har vore ei målsetting at verksemda skal ha eit breiast mogleg tilbod av NAV sine ulike arbeidsmarknadstiltak tilgjengeleg i kommunen.

Verksemda har i dag fylgjande tiltak innan skjerma sektor:

- ♦ VTA - 18 plassar.

Adresse:	Sentralbord:	57 65 12 00
Kong Beles veg 20	Telefaks:	57 69 12 05
6899 BALESTRAND	Bankgiro:	3805.07.00043
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no	Bankgiro for skatt:	7855.05.14183
Internett: www.balestrand.kommune.no	Organisasjons. nr	970 184 252


Balestrand
inspirerer deg

- ♦ Arbeidstilbod i samarbeid med kriminalomsorga i fylket retta mot unge sosialhjelps-mottakarar og soning i fridom.

Det kommunale eigarskapet er etter vår meining ein styrke for attføringsarbeidet og sikrar verksemda langsiktigheit og stabilitet. Kommunen som eigar bidreg med viktig lokalkunnskap, helsefagleg kompetanse og tverrfagleg tenking. Dette er viktig for å skape gode løysingar for innbyggjarar med redusert arbeidsevne.

Denne kunnskapen blir best ivareteken i modell 1 og ei vidareutvikling av dagens system som er basert på eit tett samarbeid mellom kommunane, NAV som bestillar og tiltaksverksemdene som leverandørar.

Samtidig ser vi klart at dette systemet har forbettringspotensiale. Mellom anna er det behov for eit meir heilskapleg attføringsløp utan uhensiktsmessige tidsavbrot. I dag er ventetida for å kome inn i eit tiltak for yrkesretta attføring generelt sett for lang.

Modell 1 stiller vidare krav om oppdatert metodikk og kompetanse hjå tiltaksbedriftene og krav til endringsprosessar hjå brukaren. Dessutan ønskjer ein å stille krav til det ordinære arbeidslivet om å styrke sin inkluderingskompetanse. Samla sett vil dette styrke tilbodet til målgruppene.

Balestrand kommune er positiv til at meir av attføringa skal skje i det ordinære arbeidslivet. Men vi vil samstundes påpeike at attføringsarbeidet framleis må utførast av personar med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse. Vi er dessutan usikre på om næringslivet er budd til å overta det arbeidet som er føreslege i modell 2 - den såkalla arbeidsinkluderingsmodellen.

Modell 2 vil kunne føre til at dagens vekst- og attføringsverksemdar blir borte. Saman med verksemdene vil også deira ekspertise i tilrettelagt arbeid og attføring forsvinne.

Vi er kritiske til om det er rett og hensiktsmessig at NAV vert gjeven ei utvida rolle som arrangør av attføringstenester i attføringsarbeidet. NAV bør framleis ha rollen som avklarande, kontrollerande og oppfølgjande instans.

Når det gjeld arbeidsmarknadstiltaket Varig tilrettelagt arbeid (VTA) for personar med uførepensjon, er vi nøgd med at fleirtalet av utvalet sine medlemmar går inn for å vidareutvikle denne ordninga. For denne målgruppa opplever vi at det er eit tydelig udekt behov som bør møtast med fleire tiltaksplassar.

Til slutt, dagens eigarskapsmodell føreset at eit eventuelt overskot skal kome tiltaksdeltakarane og verksemdene til gode. Dette prinsippet bør vidareførast. Attføringsarbeidet er lite eigna for anbudsutsetjing. Med kommunal eigarstruktur sikrar ein dessutan eit geografisk likeverdige tilbod til brukarane i distrikta.

Med helsing

Harald N. Offerdal
Ordførar